



## Rekneskapsrapport pr februar 2023

Saksbehandlar:  
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivkode:  
210

Arkivsaksnr.:  
23/1499

JournalpostID:  
23/20157

Saksnr:	Utval:	Dato:
	Bjørnafjorden formannskap	

### Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr. februar 2023 til orientering.

Bjørnafjorden, den 22.03.2023

Christian Fredrik Fotland  
Kommunedirektør

## **Samandrag:**

Rekneskapsprognose pr februar viser at det kan bli eit meirforbruk på 103,6 mill. kr. i 2023.

Tala viser dessverre ikkje teikn til betring frå januar, snarare tvert i mot. Det er framleis høge utgifter til vikar og overtid i sektorane.

Konsulentselskapet PwC har lagt fram sine rapportar der dei peikar på moglege innsparingsområde for kommunale tenester. Kommunestyret skal behandle rapportane i slutten av mars.

## **Saksframlegg:**

### **Om rapporten**

Forbruksprosenten er rekna ut frå rekneskap i % av årsbudsjettet. «Normal» forbruksprosent pr. februar for løns-intensive einingar er ca. 18%.

Kolonne Prognose årsavvik er vårt beste estimat på noverande tidspunkt om forventta meir-/eller mindreforbruk i forhold til budsjett. Minus tal betyr meirforbruk eller mindre inntekter («underskot»), positive tal betyr mindreforbruk eller meirinntekter («overskot»).

### **Frie inntekter**

Prognose for 2023: Kommunen får eit trekk i rammetilskotet vedr konsesjonskraft. Beløpet blir ikkje avklart før i revidert nasjonalbudsjett.

Kommunen sine frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter og andre generelle driftsinntekter (integreringstilskot flyktningar, rentekompensasjon frå Husbanken, utdeling frå havbruksfondet).

Bjørnafjorden kommune sitt vedtatte budsjett er basert på regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett. Stortinget behandla før jul framlegg til statsbudsjett for 2023. Stortinget sitt vedtak inneheld justeringar som har innverknad på kommunen sitt rammetilskot og på kommunen sine tenester/oppgåver. Dei største endringane er kompensasjon (auka rammetilskot) vedr gratis kjernetid i SFO for andreklassingar, og trekk i rammetilskotet på 8,55 mill. kr vedr konsesjonskraft, ref. eiga politisk saksframlegg om dette. Kommunen må saldere budsjettet for 2023 på nytt som følgje av dette. Administrasjonen har hatt ei utfordring med å finne gode framlegg til korleis kommunen skal dekke inn trekket vedr konsesjonskraft. I brev av 08.02.2023 opplyser Kommunaldepartementet at trekket i rammetilskotet vil bli justert i framlegg til revidert nasjonalbudsjett. På bakgrunn av dette har administrasjonen utsett framlegg til saldering av kommunebudsjettet til etter revidert nasjonalbudsjett.

Skatteinntektene pr. februar 2023 viser ein nedgang på -0,4% i forhold til same tid i 2022. Også på landsbasis er kommunane sin samla skatteinngang svak med ein nedgang på -0,2%.

Integreringstilskot for flyktningar vil auka ved auka mottak av flyktningar, men inntektene vil måtte brukast til å dekke sektorane sine auka utgifter i samband med mottak og integrering. Førebels er det kome inn lite midlar til integrering.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

Rentekompensasjon frå Husbanken kjem først i slutten av desember, men det er ikkje venta avvik mot budsjett. Når det gjeld tildeling frå havbruksfondet er vi derimot meir usikker. I 2022 fekk kommunen tildelt 29,4 mill. kr – langt meir enn venta. Vi er usikre på om tildelinga vil legge seg på dette nivået framover eller svinge slik det har gjort tidlegare. Budsjettert beløp i 2023 er på 8 mill. kr.

## **Finans**

Prognose for 2023: Finansporteføljen har pr. februar ei positiv avkastning på ca. 6,3 mill. kr.

Renteutgiftene ser så langt greie ut i forhold til budsjett. Finansporteføljen har pr. februar ei positiv avkastning på ca. 6,3 mill. kr. Det er ikkje budsjettert med avkastning i 2023. Det er von om høgare renteinntekter av bankinnskot enn budsjettert på grunn av god likviditet.

## **Fellesområde**

Prognose for 2023: Fellesområde kan få eit negativt avvik, førebels estimert til 10,9 mill. kr, i stor grad knytt til reguleringspremie pensjon.

Fellesområde består av Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Erfaring frå 2022 og til dels tidlegare år viser at ein stor del av utgiftene til Folkevalde organ blir ført i desember. Basert på rekneskapstal for 2022 er det grunn til å tru at utgiftene for 2023 blir høgare enn budsjettert. Vi legg førebels til grunn eit meirforbruk på ca. kr 600.000. Ein ekstra faktor i 2023 er kommunevalet.

Det er knytt usikkerheit til utgiftene i samband årets lønsoppgjer m.a. som følgje av nye tal for prisveksten. Det er grunn til å tru at lønsoppgjeret, og dermed reguleringspremien, vil bli høgare enn det SSB og dermed pensjonsleverandørane har lagt til grunn i sine premieprognosar som budsjettet byggjer på. Vi legg førebels til grunn ca. 10 mill. kr i auka reguleringspremie, men beløpet er usikkert. Kommunen har framleis fondsmidlar knytt til løns- og pensjonsauke som kan nyttast om nødvendig. Premie for yrkesskade forsikring har auka kraftig i 2023 og er vesentleg høgare enn budsjettert.

Merk at forbruksprosenten for Fellesområde kan vere litt avvikande gjennom året. Det har samanheng med at det er budsjettert med 65,7 mill. kr i bruk av premiefond i 2023. Rekneskapsføringa av premiefondet vil skje i «bolkar» ut over året etter avtale med pensjonsleverandør.

## **Stab**

Prognose for 2023: Stab kan få utfordringar med innsparingskravet på kr 700.000.

Stab består av Rådmannen sin stab, økonomiavdelinga, HR avdelinga, inkl. IT.

Stab har fått eit innsparingskrav på kr 700.000 for 2023. Stabstenestene kan få naturleg avgang/oppseiingar knytt til årsverk. Det vil for kvart tilfelle bli gjort ei vurdering om ein kan trekka ned den aktuelle ressursen. Det pågår slike vurderingar no, men det er ikkje

identifisert konkrete årsverk som kan fjernast. Det vil likevel bli innsparingar ved at stillingar står ledige delar av året, og det kan såleis hende at vi når innsparingsmålet for 2022.

## Oppvekst

Prognose for 2023: Oppvekst kan få eit meirforbruk på 43,3 mill. kr.

Dette er basert på:

- Innsparingskrav frå 2021 og 2022 som er lagt inn i budsjett og ikkje er realisert - 11, 1 millionar. Dette er urealiserte nedtrekk frå 2021 og 22. Døme er ikkje definerte nedtrekk i Bjørnafjorden 22 og manglande priskompensasjon.
- Meirforbruk på 6 millionar på skuleområdet knytt til auke i utgifter til enkeltelevar med store hjelpebehov for skuleåret 2022/23 samt mogeleg overforbruk ved skulane basert på prognoser per februar. Dette vil vi arbeide får å ta ned, men vi varslar uro kring driftsnivå.
- Vidareføring av plasseringar i barnevern og at det tar noko tid å redusere kjøp av tenester frå private - 10 millionar
- Manglande nedtrekk som følgje av demografi (vi har fått fleire og ikkje færre barn i barnehage), tilskotssatsane i private barnehagar har auka, høgare deflator utan at dette er kompensert + auka kapitaltilskot. Denne summen har auka til meirforbruk på 16, 2 millionar som følgje av fleire barn i barnehage (etter at vi ser tala frå samordna opptak).

I PwC rapporten ligg det forslag til kostnadsreduksjonar og auke i inntekter som vil bidra til å lukke delar av gapet. Det vil bli vanskeleg å realisere tiltaka slik at dei får særleg innsparingseffekt allereie i 2023. Det er førebels tidleg på året. Drifta i einingane blir følgt tett.

## Skular

På skuleområdet varslar vi 6 millionar i meirforbruk: 3 millionar er knytt til elevar med stor hjelpebehov og 3 millionar er knytt til drifta i skulane.

Dette skuldast at det for skuleåret 2022/23 er tildelt 5 millionar meir til skulane knytt til elevar som har store hjelpebehov og dette vil følgje oss ut dette skuleåret. Elevane skal få det dei har krav på og vi har saman med rektorgruppa sett på tildelingspraksis og omfang. Frå hausten blir tildelinga justert og dette betyr at fleire skular må justere bemanninga som følgje av redusert tildeling. Ei justering frå hausten vil berre få 5/11 effekt og dette gir 3 millionar i meirforbruk for budsjettåret.

Vidare kan det sjå ut til at nokre skular ikkje driftar innanfor dei tildelte budsjettammene sine. Dette har blant anna samanheng med at korttidsfråværet har vore høgt dei første 2 månadane av året. Vi håper dette vil stabilisera seg utover våren.

Opplæringslova §1-4 handlar om rett til intensiv opplæring. For elevar på 1. til 4. årstrinn som står i fare for å bli hengande etter, er det viktig å forsterke den tidlege innsatsen. Intensiv opplæring er meint å vere del av den ordinære tilpassa opplæringa. Det skal være ei kortvarig og målretta innsats i lesing, skrivning eller rekning. På grunn av stramme rammer i skulane, er det vanskeleg å sikre retten til intensiv opplæring (§1-4 i opplæringslova). Det kjem meir om dette i 1 tertial og i kvalitetsmeldinga.

Fleire skular slit med å sette inn nødvendige tiltak i elevgruppa. Som følgje av den stramme finansieringsmodellen i skulane er det lite rom for å hente inn andre yrkesgrupper som til dømes miljøarbeidar/sosialarbeidar. Per no er det berre dei store skulane som har noko fleksibilitet til å justere personell etter ressursbehov på dei ulike trinna. Små einingar har ikkje den moglegheita. Vi kjem tilbake med meir informasjon om dette i tertialrapport og Kvalitetsmelding.

Udekkede behov som vi ikke har midler til per i dag:

- I 2022 fikk vi tildelt ekstra midler til gjennomføring av overnattingsturer for elevene på ungdomstrinnet spesielt (jf. krav i LK20). Dette var en inngangssum, som vi ikke har i 2023. Vi bryt opplæringsstilbudet når vi ikke kan tilby overnattingsturer til elevene.
- AV-utstyr: vi har ikke midler til å bytte ut gammalt av-utstyr (t.d. nye digitale tavler, projektorer etc.). Mykje av utstyret er over 5 år og utdatert.

### Familiens Hus

I 2022 hadde barnevernstenesta eit meirforbruk på 10.2 millionar. Dette var knytt til underfinansiering av oppvekstreforma, institusjonsplasseringar og kjøp av private tenester. Barnevernstenesta har gått inn i 2023 med risiko for same overforbruk på institusjonsplasseringar under føresetnad av at det ikke blir nye plasseringar. Slik situasjonen er per februar har det vore 1 ny plassering i institusjon og 1 ny plassering i beredskapsheim. Vi har fleire saker for nemnda. Vi har ikke endra prognosane, men vil med dette varsle risiko for ytterlegare auka utgifter knytt til plasseringar. Prosessen for å ta ned kjøp av private tenester har starta. Dette er omtala under tiltak.

Eining for Barn, unge og familiar drifter i tråd med stramt budsjett. Det er gjort vedtak om 170 flyktingar også i 2023. Budsjetta, spesielt i Flyktingtenesta blir styrka ved bruk av integreringstilskot (vi viser til kommunestyresak i januar 2023 om mottak av flyktingar).

Eining for Førebyggjande helsetenester drifter innafor stramt budsjett. Vi har nyleg fått stadfesta at eininga vil motta like mykje i tilskot frå Helsedirektoratet for 2023 som for 2022 så vi opprettheld årsverka på same nivå som i 2022. Lønnsoppgjøret og kraftig auke i pensjonspremie i KLP sjukepleiarordning, gjer at eit årsverk kostar ca. 100 000,- meir i 2023 enn i 2022 så dette påverkar budsjettet, men ledigheit i stillingar i delar av året gjer at prognosen er å drifte i balanse.

### Barnehagar

Nedtrekk frå Økonomisk handlefridom på 3 millionar knytt til demografi er lagt på ansvar 270 då vi trudde på nedgang i barnetal frå 2022 til 2023 slik som det var frå 2021 til 2022. Frå januar 2022 til januar 2023 har vi derimot hatt ei auke på totalt 68 plassar, 50 i private barnehagar og 17,53 i kommunale barnehagar så det er urealistisk å nå dette nedtrekket. Kommunale barnehagar: Alle dei kommunale barnehagane drifter innafor tildelt budsjett.

Samla var det ei auke på 11 små barn (22 plasser) og ei reduksjon på 4,47 store barn- netto auke på 17,53 - tilnærma 18 plassar. I forhold til bemanningsnorm utløyser 18 plasser 3 årsverk, men vi klarar ikke alltid å fordele barna heil ideelt mellom barnehagane og Os barnehage tok i mot alle søm ønskte det frå Flåten sjølv om det ikke gjekk heilt opp i forhold til bemanning. Det har difor vore ei auke av grunnbemanning i kommunale barnehagar frå januar 2022 til januar 2023 med 3,79 årsverk. Tal barn i barnehage vil gå ned frå august 2023 og bemanninga vil bli redusert. I dei minste barnehagane kan ikke bemanning reduserast i samsvar med reduksjon i barnetal.

Vi har auka prognosen for meirforbruk private barnehagar frå 12 millionar til 14 millionar på grunnlag av førebelse tal etter hovudopptaket frå hausten 2023. Tal barn i private barnehagar har auka med 50 plasser frå januar 2022 til januar 2023 (auke med 47,18 små barn = 94,36 plasser og reduksjon med 44,35 store barn = 44,35 plasser). I forhold til tilskot private barnehagar kostar denne auken aleine 6,5 millionar for heile 2023. I tillegg kjem konsekvens av at budsjettramma er redusert og ikke er kompensert for auka deflator og høgare kapitalkostnad.

Det er varsle fleire nye vedtak etter §37 i barnehagelova. Det er per no ikke budsjettmidlar til å handtere dette. Vi varslar meirforbruk på ca. 600 000.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

## **Helse og velferd**

Prognose for 2023: Helse og velferd kan få eit meirforbruk på 53 mill. kr.

Helse og velferd vil få meirutgifter i 2023. Utgiftsreducerande tiltak er satt i verk, og nye vil bli realisert etter at sak knytt til PwC-rapporten er vedtatt. Redusert bruk av vikarar som er eit viktig tiltak i rapporten viser enno ikkje store nok innsparingar.

### Fagstab og fellesutgifter

På fellesområdet til Helse og Velferd ligg det no ein stor innsparingspott på ca. 33 millionar som etter kvart må fordelast ut til einingane. Før ein kjem i gang med konkrete tiltak vil dette vere eit meirforbruk som ligg samla for sektoren. Den største potten på 11 mill. kroner er meirutgifter til iverksette vedtak innan BPA-ordninga. Vidare er det meirutgifter til høgare tillegg for dei som går i turnus, dette er frå sentrale framforhandla avtaler. Dette utgjør om lag 7 mill. kroner.

Andre meirutgifter som ligg i denne sentrale potten er vedtak på omfattande avlastningstiltak på heimebuande med 4 mill. kroner, og tiltak i barnebustad på Varafjell med 4 mill. kroner. Vidare er inndekking av høgare lønsutgifter samla her.

### Avdeling for forvaltning og bustad

På denne avdelinga er det ei prognose på 2 millionar kroner i meirforbruk. Prognosen knytt til høgare aktivitet på tildeling støttekontaktar enn budsjettert.

### Legevakt og legetenester

Innafor Legetenestene ligg det an til eit meirforbruk på 6 millionar kroner basert på noverande drift. Nordsjøturnus i avd Legevakt kostar ca. 3.5 mil netto. Vidare har eininga ein del dyre lege-avtaler, desse er til revidering og ein avtale utgår i løpet av hausten.

### Helsefremming og rehabilitering

Det er forventat at desse tenestene går i balanse i år. Eininga blir oppløyst frå 1.4.23, og personell og tenester fordelt ut på andre einingar i sektoren. Tenester og personell som blir omfatta av innsparingstiltak i Omstilling25 vil bli realisert utifrå vedtak i kommunestyret.

### NAV

Ligg foreløpig an til å drifte i balanse., men auke i sosialhjelpsutbetalingar knytt til psykisk helse og rus kan bli ei utfordring. Mellom anna er nytt regelverk i Bergen gjer at mellombels bu-tilbod der ikkje lengre kan nyttast av omliggjande kommunar. Det er påløpt ekstrautgifter relatert til mottak av flyktingar, desse vil bli refundert frå integreringstilskotet.

### Psykisk Helse og Rus

Det er forventat meirutgifter på 1 mill. kroner knytt til tenester på Askviknes og ambulerande tenester.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

## Pleie og Omsorg

Dette området omhandlar Luranetunet, Fusa bu og behandling og heimetenestene Os. Seinare i vår vil dette avsnittet bli splitta på desse tenestene.

Det er forventta meirutgift på 11 millionar kroner. Så langt i år har det vore uvanleg høgt sjukefråvær, som har ført til høgare bruk av vikarar og overtid enn forventta. Det er særleg dei to institusjonane som har desse meirutgiftene. Vidare har ikkje tiltak på innsparingar enno gitt større utslag.

## Tilrettelagte tenester

Tilrettelagte tenester ligg samla sett i rute. Det er noko usikkert om nytt omfattande pålagt tiltak kan løysast innafor gjeldande rammer.

## Oppsummering tiltak Helse og velferd

Helse og velferd vil framover sette inn omfattande tiltak for å redusere meirforbruk. Kommunestyrevedtak knytt til PwC-rapporten vil legge føringa, saman med vedtak i budsjettet for 2023. Fleire av tiltaka med størst effekt vil ikkje kunne realiserast i dette budsjettåret, som til dømes nedtrekk fast bemanning. I stillingskontrollen er fleire stillingar blitt stoppa, og framover blir det ytterlegare innstrammingar her. Det vil berre vere driftskritiske stillingar som blir erstatta.

## Fagstab og fellesutgifter

Desse fellesutgiftene og utgifter til særlege tiltak må vurderast korleis dei skal handterast framover. Det er aktuelt å fordele deler ut til respektive einingar.

## Avdeling for forvaltning og bustad

Omfang av støttekontaktar vil bli justert for å tilpassast budsjettammer og vedtatte innsparingstiltak. Det vil bli fleire gruppebaserte tiltak, og strammare tildeling.

## Legevakt og legetenester

Meirutgiftene på legetenestene er resultat av å sikre forsvarlege legetenester. Arbeidet med å få på plass leiing, struktur og rydde i avtaler pågår og skal gi positive resultat over tid.

## Psykisk Helse og Rus

Bemanningsreducerande tiltak er iverksett, som ein forventar gir resultat utover dei neste månadene.

## Pleie og Omsorg

Både institusjonane og heimetenestene har stramma inn bruken av vikarar, og har satt inn ulike tiltak får å få ned lønsutgiftene. Det er forventat at dette gir resultat framover. Den store effekten med lågare pleiefaktor vil ikkje ha effekt før i 2024, då nye turnusar tar tid å få på plass.

## **Samfunnsutvikling**

Prognose for 2023: Samfunnsutvikling kan få eit meirforbruk på 2 mill. kr.

### Brann og redning

Brann og redning har eit innsparingskrav på 1,5 millionar, men effektar av endringar som blir sett i verk framover vil ta noko tid då det må gjerast endringar på grunnleggande arbeidsordningar i forhold til turnusar og overtidbruk. Tenesta har og kostnader til oppgradering av 110 sentral.

### Samferdsle

Vintermånadene slår hardt inn på rekneskapen ifht vintervedlikehald. Året har starta med mykje snø som gjer at brøytemannskapa må kallas ut. Det er for tidleg å sei om dette vil ha innverknad når ein ser heile året under eit, men dersom ein får ein snørik slutt på året så vil vintervedlikehold vere ein utfordring.

### Plan- og byggesak

Saksmengda og inntekter er i henhold til prognose og ligg foreløpig an til å drifte i balanse.

### Eigedom-drift/prosjekt

Fokus på ENØK tiltak vil fortsette for å få ned straumforbruket. Ligg foreløpig an til å drifte i balanse.

### Kultur

Ligg foreløpig an til å drifte i balanse.

### Innbyggarservice

Ligg foreløpig an til å drifte i balanse.

Bjørnafjorden, den 22.03.2023  
Ingrid Karin Kaalaas  
Økonomisjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*



